

**Sakshandsamar:**

Anne Karine Haugsrud

E-post: anne.karine.haugsrud@sf-f.kommune.no

Tlf:

Vår ref.

Sak nr.: 06/1780-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.


11723/06

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 15.06.2006

Finansdepartementet
postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Skattedirektoratet sitt forslag til reorganisering av skatteetaten - høyring

 Viser til brev av 13.03.06.

 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde i møte 13.06.06 slikt vedtak:

A)

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til Regjeringa sin plan for ei ny forvaltningsreform. Det er såleis uheldig at staten teiknar ut nye regionar føre ein kjenner innhaldet i reforma.
2. Fylkeskommunen meiner at reorganiseringa av skatteetaten bør vente til forvaltningsreforma er vedteken.


B) **Dersom reorganisering likevel vert gjennomført må ein ta omsyn til følgjande:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har merka seg behovet for reorganisering av Skatteetaten, og likeeins føresetnaden om at skattekontor som t.d. Leikanger skal få ansvar for spesialiserte oppgåver og landsdekkande funksjonar.
2. Fylkeskommunen vil framheve det solide skattefaglege miljøet i fylket, som må tilførast krevande oppgåver i samband med den føreståande reorganiseringa. Skattemiljøet i fylket bør ha gode føresetnader for å byggje seg opp på oppgåver retta mot m.a. fiskeri og havbruk, og kraftverksbeskatning. Eitt av dei nye Service og informasjonssentra bør leggst til fylket, og det vert i den samanheng peika på det potensiale som kan ligge i eit nært samarbeid med Norge.no.



3. Sogn og Fjordane føreset at strukturen med eit fylkesskattekontor og fem likningskontor i fylket vert halden oppe.

Med helsing



Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør

Anne Karine Haugsrud
rådgivar

Vedlegg:

Saksutgreiing til fylkesutvalet

Mottakar (ar)

Finansdepartementet postboks 8008 Dep 0030 OSLO

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane